



ÅRSPLAN

for
Rogne barnehage

2024/2025

Visjon:

«FOR BARNA»



Godkjend SU - 11.12.2024

Innhold

Forord

1	STYRINGSdokUMENT	5
2	GENERELT OM BARNEHAGEN OG DEI TILSETTE	5
2.1	PLANDAGAR 2024/25	5
2.2	BARNEGRUPPENE 2024/25	5
2.3	TILSETTE I BARNEHAGEN	5
3	DAGSRYTME	7
3.1	FOR SEIN HENTING	7
3.2	FERIE/FRI	7
4	BARNEHAGENS SATSNINGSOMRÅDE	8
5	SAMARBEID MED FØRESETTE	8
5.1	FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL	9
5.2	FORELDRESKULE	9
6	ANDRE SAMARBEIDSPARTAR	9
7	ADRESSER	10
	ÅRSKALENDER 2024/25	11
8	RAMMEPLAN	12
9	BARNEHAGENS INNHALD	12
9.1	BARNEHAGENS VERDIGRUNNLAG	12
9.2	LEIK OG LÆRING	12
9.3	OMSORG OG DANNING	12
9.4	SOSIAL KOMPETANSE	13
9.5	BARNES MEDVERKNAD	13
9.6	BEREKRAFTIG UTVIKLING	13
9.7	LIKESTILLING OG LIKEVERD	14
9.8	KRENKANDE ÅTFERD	14
10	OPPSTART - OVERGANGAR	14
10.1	OPPSTART – TILVENNING	14
10.2	OVERGANG AVDELINGAR	14
10.3	OVERGANG BARNEHAGE - SKULE	14
11	DAGLEGE GJEREMÅL / KVARDAGSAKTIVITETAR	15
11.1	LEVERE OG HENTE	15
11.2	GARDEROBE	15
11.3	MÅLTID	16
11.4	FRI LEIK	16
11.5	HYGIENE / STELL	17
11.6	SØVN / KVILE	17
11.7	SAMLINGSSTUND	17
11.8	RYDDING UTE OG INNE	18

12 FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN	19
12.1KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST.....	19
12.2KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	19
12.3KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	20
12.5NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI	20
12.6MENGD, ROM OG FORM.....	20
12.7ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI.....	20
12.8NÆRMILJØ OG SAMFUNN.....	21
13 PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING.....	21
13 TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE	21

FORORD

Til foreldre og andre.

«Seint, men godt». Årets årsplan kjem lovlig seint, men det vil ikkje seie at me ikkje har jobba etter «lover og regler» for det. Vi bruker dei styringsdokumenta vi har aktivt og årsplanen har ikkje dei store endringane i det pedagogiske innhaldet, så det er likevel eit oppegåande levande dokument.

Ein årsplan skal vera eit grunnlagsdokument for foreldre, personalet og for planarbeid i dei ulike gruppene. Årsplanen syner dei store generelle linene for **heile** barnehagen, og alle aktivitetar, opplegg og stimulering vil bli tilpassa barnets alder og modning. Meir detaljerte planar med synleggjering av pedagogiske arbeidsmåtar og innhald får de gjennom periodeplanar på kvar einskild gruppe.

Ein årsplan er og eit utgangspunkt for foreldresamarbeid og for foreldra sin moglegheit til å påverke innhaldet i barnehagen. Årsplanen tek utgangspunkt i rammeplanen for barnehagen som var ny 1.august 2017 og den vil seia noko om kva mål me har og litt om metodar me vil bruke.

Årsplanen er delt inn i to deler; del ein med informasjon om barnehageåret og del to meir gjennomgåande innhald.

Det er kanskje siste året vår årsplan ser slik ut, då me skal revidere layout og innhald for ein felles kommunal årsplan.

Me nyttar **Visma Flyt Barnehage/Min Barnehage** som ein digital kommunikasjonsform mellom heim og barnehage. Her vil planer og beskjedar, både individuelle og felles, blir lagt ut. Registrering av oppmøte og fråvær gjerast her og det blir sendt enkle beskjedar og spørsmål til dykk foreldre og de kan sende beskjedar og spørsmål til oss

Det er likevel viktig for oss å ha ein munnleg dialog med dykk, ved levering og henting – eller ved telefonisk kontakt.

Er det noko de lurar på eller ikkje er nøgde med, ta kontakt med meg eller personalet -

Me er her for dykk og ungane dykkar J

Er du fornøgd? Sei det til andre! Er du misfornøgd? Sei det til oss!

Visjonen til Rogne barnehage er; «FOR BARNA»

Me ønsker å vere her for ungane dykkar, og det me gjer skal speile at det er aktivitetar som dei kan sjå tilbake på med glede. I ein barnehage er det viktig å sjå kvar enkelt, samstundes som dei skal kjenne tilhøyregheit til ei gruppe.

Godt barnehage år!

Rogne barnehage

Med helsing

Anne-Kari Gjerdalen

Tenesteleiar/Styrar

DEL I

1 STYRINGSdokUMENT

Hovud styringsdokumenta våre er:

- Lov 17. juni 2005 nr. 64 om barnehagar (Barnehageloven)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver (Kunnskapsdep. 24.4.2017)
- Stortingsmelding nr 41 – Kvalitet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet)
- Barns trivsel – Vaksne sitt ansvar (Utdanningsdirektoratet)
- Forvaltningslova §13 – Teieplikt, Barnevernlova §6-4 - opplysningsplikt

2 GENERELT OM BARNEHAGEN OG DEI TILSETTE

2.1 Plandagar 2024/25

Desse dagane er barnehagen stengd:

Torsdag 15. august 2024

Fredag 16. august 2024

Fredag 29. november 2024

Fredag 31. januar 2025

Fredag 2. mai 2025

2.2 Barnegruppene 2024/25

Me har tre avdelingar, men alle deler seg inn i mindre grupper-

Pr 1.12.2024 har me tilsaman 77 barn fordelt på Tommeliten; Blå og Raud, Veslefrikk; Klubben og Løve og Tyrihans; Klubben og Rev. Det vil etter nyttår starte nye barn, så samansetninga vil endre seg.

Tommeliten har 28 barn fødd 2021, 2022 og 2023

Veslefrikk har 23 barn fødd 2019, 2020 og 2021

Tyrihans har 25 barn fødd 2019, 2020 og 2021

2.3 Tilsette i barnehagen

Tommeliten

RAUD

Pedagogisk leiar:	Trine Beate Urstadmyr	100 %
	Kirsten Haugene (disp ped til jan 25)	100 %
	Thea Gjeile Fauske (frå Januar – 25)	80 %
	Wenche Sandsengen (spes.ped)	100 %

Barne – og ungdomsarbeidar/fagarbeidar:

Linda Hesjadalen	100 %
Therese Tvenge	100 %
Siri Gjerdalen Oldre	100 %

BLÅ

Pedagogisk leiar:	Berit Nybakk	100 %
	Siw Wangensteen	100 %

Barne – og ungdomsarbeidar/fagarbeidar:

Kari Jenny Sørensen	100 %
Linn Therese Østgård	80 %
Nora Haugen Løken	60 %
Ubesett/vikar	100 %

Veslefrikk

Pedagogisk leiar:	Sindre Grønolen	100 %
	Ingvild Rogne	80- %
	Astrid Steinsrud (spes.ped)	65 %
Barne – og ungdomsarbeidar/Fagarbeidar:		
	Elaine Goflebakke	100 %
	Solveig Hårdnes	80 %
	Linda Bergli (40/60 spes.ped)	100 %
	Inga Jurka (spes.ped)	60 %
	Marita Hamar Dagli	10 %
	Lene Gjerdalen Oldre (til 31.12.2024)	50 %
Lærling	Silje Fjellvang Kristiansen	100 %

(vil være på Rogne Skule og ØSUS mellom haust og vinterferie)

Tyrihans

Pedagogisk leiar:	Stine Merete Rogne	100 %
	Reidun Thorpe	100 %
Barne – og ungdomsarbeidar/fagarbeidar:		
	Wenche Berg (spes. Ped)	100 %
	Nathalie Gjærden	100 %
	Silje Skattebo	100%
Lærling	Kristine Trandokken	100%

Assisterande styrar

Astrid Steinsrud	35 %
------------------	------

Tenesteleiar/styrar

Anne-Kari Gjerdalen	100 %
---------------------	-------

Vikarar på tillkalling; Anne Kjørli, Randi Røe, Emilie Thon Skrindsrud, Solveig Prestrud, Unni Rudi, Manuel Sepulveda..... Denne lista er stadig i endring

Det kan også ellers bli endringar på personalet gjennom året; t.d bytte av avdelingar, nye tilsette eller andre endringar.

Samarbeidsutval/foreldreråd – sjå s.13

Rogne barnehage har valt å gå inn for 2 representantar frå føresette, som overlappar kvarandre/valgt for 2 år. Helst ein for 3-6 år (Tyrihans og Veslefrikk) og ein for 1-3 år (Tommeliten).

Representantar frå føresette 2024/25

Siri Emilie Kirsebom Strandman (TH/VF)

(på val haust 2025); e-post: siri.emilie.strandman@gmail.com tlf: 90 87 72 04

Hanne Lihagen (TL)

(på val haust 2026); e-post: hannelihagen@gmail.com tlf: 92 40 13 92

Personalrepresentantar

Wenche Sandsengen og Kirsten Haugene

Kommunal/eigar representant

Elisabeth Aasbakken

3 DAGSRYTME

Dagsrytma skal vera slik at ungane kjenner seg trygge på kva som skal skje. Den bør veksle mellom roleg og aktiv leik, og mellom styrt og ikkje styrt aktivitet. Det er viktig at barna får tid til å leike det dei sjølv vil. Dagsrytma er meint som ein mal for dagen, men ein må vise fleksibilitet innanfor den fastsette ramma.

Kjernetida er frå kl 09.30 – 14.00 Kjem de seinare enn 09.30, er sjuk eller har fri, må de gje beskjed, ring gjerne eller registrer det i Min barnehage. Helst innan klokka 08.00

Me må og ha beskjed om det er andre enn dykk som hentar.

07.15	<i>Barnehagen opnar.</i>
7.30-8.00	<i>Frukost -</i>
	<i>Barn som kjem etter 08.00 SKAL ha ete frukost heime.</i>
09.30	<i>Aktivitetane startar og barna skal ha kome i barnehagen, eller gitt beskjed om forsinkelsar/fri/fråvær.</i>
	<i>Me deler barna i grupper og har ulike aktivitetar i løpet av kjernetida.</i>
	<i>Månadsplanen inneheld informasjon om dette.</i>
10.45/11.00	<i>Måltid m/frukt- tidspunkt avhenger av avdeling. Dei minste et først.</i>
12.00	<i>Fri leik ute, ev aktivitet i grupper. Soving</i>
14.00	<i>ENKELT matpakkemåltid (oppskoren frukt, brød/ knekkebrød)</i>
16.45	<i>Barnehagen stenger. Alle må vera ute av barnehagen.</i>

3.1 For sein henting

De får bot om de blir for seine ved henting, sjå vedtekter, §4.4.

Å vera for sein er å IKKJE vera UTE av barnehagen til 16.45

Personalet skal kunne låse garderobedøra og gå kl 16.45

3.2 Ferie/Fri

«Barn skal ha 4 veker med ferie i løpet av barnehageåret, 15.08 – 14.08.

Alle barn skal ha 3 heile veker med ferie i tida 01.05-14.08»

(§ 8.1 – Vedtekter for Barnehagane i Øystre Slidre.)

Raude dagar og planleggingsdagar teller ikkje som feriedagar

Barnehagen er stengd veke 29 og 30, samt romjul (§ 4.1 og 4.3.1)

4 BARNEHAGENS SATSNINGSOMRÅDE

Me jobbar mykje med relasjonsarbeid, barn- barn, barn- vaksen og vaksne imellom.
«Gode relasjonar mellom vaksne skapar eit godt samspill i barnehagen!»

Fokus på arbeidsmiljø og arbeidsnærver for dei tilsette er også på dagsorden.

Vi bruker møtene (avdeling- /ped.leder-/ personal-) våre til refleksjon og diskusjon korleis me får det best mulig for alle partar i barnehagen.

– korleis forstod eg det og kva tenker du?

Me nyttar også praksisforteljingar for å sjå på kva me gjer i kvardagen.

Noko av dette arbeidet vil me gjere ilag med Høgskulen i Innlandet, då dei er inne i kompetansheving for alle barnehagane i Valdres. Eit regionalt samarbeid i Valdres regionen, der me skal hauste erfaring og kunnskap over kommunegrenser.

Målsetting er at alle pedagogar skal være med på dialogmøter 2 gonger i året og HEILE personalgruppa på kompetansehevingsdag. Tema for dette året er mellom anna fokus på rammeplan, kvardagspedagogikk, inkludering og foreldresamarbeid.

5 SAMARBEID MED FØRESETTE

Føresette har hovudansvaret for barnets danning og barnehagen skal vera eit komplimenterande miljø i samarbeid med heimen. Heimane sit inne med mykje kunnskap om sitt barn som er til god nytte for oss i barnehagen, og det er difor viktig med ein god kommunikasjon og eit godt samarbeid. Samarbeidet må bygge på gjensidig respekt og forståing for kvarandre sitt ansvar og oppgåver. Barnehagen har ansvar for å invitere føresette til medverknad.

Samarbeidet med føresette skal gje ein balanse mellom enkeltindividet behov opp mot fellesskapets behov. Vi ynskjer at dei føresette skal vera ein del av barnehagemiljøet og aktive deltakarar og samarbeidspartnarar. Vi legg stor vekt på den daglege kontakta vi har med dykk i levere- og hentesituasjonen. Barnehagen må vera lydhør for føresette sine forventningar og ynskjer, både som enkeltpersonar og som gruppe, difor er det fint at vi får positive og negative tilbakemeldingar frå dykk.

Alle blir bedt inn til samtale om eget barn ein til to gonger i løpet av året. Samtale på haust er obligatorisk for alle, vår samtala er obligatorisk for dei som skal stare på skulen, og frivillig for alle andre. Etter behov kan både føresette og personalet ta initiativ til fleire samtaler.

Intensjon om at det også skal avviklast to foreldremøter i året m/foreldrerådsmøte eitt om hausten og eitt om våren.

I tillegg vil det være eit foreldre- informasjonsmøte mai/Juni for dei som skal starte i barnehagen på hausten.

5.1 Foreldreråd og samarbeidsutval

§ 4 i Lov om barnehagar:

”For å sikre samarbeidet med barnas hjem, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg. Foreldrerådet består av foreldre / foresatte til alle barna og skal fremme deres fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppen skaper et godt barnehagemiljø. Samarbeidsutvalget skal vera et rådgivende, kontaktskapende og samordnende organ. Samarbeidsutvalget består av foreldre / foresatte og ansatte i barnehagen, slik at hver gruppe er likt representert. Barnehagens eier kan delta etter eget ønske, men ikke med flere representanter enn hver av de andre gruppene. Barnehageeieren skal sørge for at saker av viktighet forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalget.”

FUB = foreldreutval for barnehagar. Øystre Slide kommune oppfordrar barnehagane å danne eit lokalt FUB. Nett adresse for meir informasjon: www.fubhg.no

5.2 Foreldreskule

Øystre Slidre Kommune godkjende i november 2022 ein oppvekstplan for barn og unge. I denne står det mellom anna at barnehagane skal arrangere «foreldreskule».

Dette skal være ein arena for å heve foreldrekompetansa og å bygge relasjonar.

Dette vil være eit arrangement for heile kommunen, på tvers av barnehagane.

Det er tjenesteleiarane i bhg og Helsesjukepleiar som planlegg og vil dra nytte av kompetanse i personalgruppene eller andre instansar. Opplegget vil være noko fagleg innlegg og diskusjonar.

I fyrste omgang vil me prøve å få til dette for 2 årskull i barnehagane, 2 og 4 åringane.

For bhg året 2024/25 vil det vere barn fødd 2021 og 2023 som blir invitert til ein kveld i Januar/februar.

6 Andre samarbeidspartar

Det er også viktig for oss å ha nært og godt samarbeid med andre instansar.

Som eit ledd i «tidleg inn» er PPT, Barnevern og Helsesjukepleiar regelmessig inne i barnehagen. Dei kan også bistå oss med veiledning på systemnivå innanfor Relasjonsarbeid. Det er også mogleg at dei kan observere og rettleie føresette og barnehagen i individuelle saker, men då skal alltid samtykke frå føresette foreligge i forkant for observasjon.

Der det er naturleg samarbeider me også med skulen.

7 Adresser

Rogne Barnehage
Solhauglie 8
2943 Rogne

Telefon: Kontor/mobil tenesteleiar: 61 35 26 13 / 95 73 38 37
 Tømmeliten: 47 70 78 49
 Veslefrikk: 46 88 68 53
 Tyrihans: 47 70 05 36

E-post

Pedagogiske leiarar astrid.steinsrud@oystre-slidre.kommune.no
 ingvild.rogne@oystre-slidre.kommune.no
 sindre.gronolen@oystre-slidre.kommune.no
 reidun.thorpe@oystre-slidre.kommune.no
 stine.merete.rogne.@oystre-slidre.kommune.no
 berit.nybakk@oystre-slidre.kommune.no
 siw.steinsrud@oystre-sldire.kommune.no
 trine.urstadmyr@oystre-slidre.kommune.no
 wenche.sandsengen@oystre-slidre.kommune.no
 thea.gjeile.fauske@oystre-slidre.kommune.no

Tenesteleiar anne.kari.gjerdalen@oystre-slidre.kommune.no

ØYSTRE SLIDRE KOMMUNE

Bygdinvegen 1989
2940 HEGGENES
61 35 25 00

Kommuneleiar Oppvekst og Kultur
Kjersti Hedalen-Heggset
61 35 25 52
kjersti.hedalen-heggset@oystre-slidre.kommune.no

Samarbeidspartnarar bl.a.

Helsestasjon
Bygdinvegen
61 35 24 90

Pedagogisk Psykologisk Teneste (PPT)
Postboks 143
2901 Fagernes
61 35 96 60
Besøksadresse: Tveitavegen 11, Fagernes

Barnevernstjeneste for Øystre Slidre, Nord-Aurdal, Sør-Aurdal, Etnedal
Tveitavegen 11
Fagernes
61 35 65 60



ÅRSKALENDER 2024/25

Månad	Periodebestemt innhald	Samarbeid med føresette/anna
August	19. Fyrste dagen for ungane i nytt barnehageår Bli kjent gjennom leik og aktivitetar Hauste frå kjøkkenhagen	15 og 16 plandagar Barnehagen er stengt Forventingssamtale med nye føresette
September	Veke 37 – fiskeveke Veke 38 – Brannvernveke Brannøving – 21.09.23 Hauste frå kjøkkenhagen	24.9 - Foreldremøte
Oktober	Veke 39 og 40 – Jaktveke	Samtaler med føresette *
November	Farsdag Start juleførebuing	Samtaler med føresette * 29. plandag – barnehagen er stengt
Desember	Juletradisjonar; Adventsstund, nissebesøk på låven, Juleverkstad, Lucia, nissefest	Stengt: fom 24.12.2024 - 1.11.2025
Januar	2. januar – fyrste dag etter jul	31. Planleggingsdagdag – Barnehagen er stengt
Februar	Morsdag Fastelavn Karneval	
Mars	Aktivitetsdag ute/ Ski- og akedag Barnehagedagen Påske	
April	Vår	Stenger kl 12.00 ONSDAG 16.4 Stengt 17, 18 og 21 Samtaler med føresette *
Mai	Vår 17. mai Brannøving	Stengt: 1, 2 (plandag), 29
Juni	Sumaraktivitetar Plante og så i kjøkkenhagen	Foreldremøte NYE barn Avslutning klubben
Juli	Sumaraktivitetar	GOD SUMAR J Barnehagen stengt veke 29 og 30

*Samtale me føresette på haust skal alle ha, samtalene på vår er frivillige BORTSETT frå føresette til skulestartarane, då dette er overgangssamtale til skulen.

Fotografering: tradisjon er annankvart år – Neste fotografering er våren 2025

DEL II

8 RAMMEPLAN

Rammeplanen, saman med barnehagelova, er det viktigaste styringsdokumentet vårt. Denne seier noko om verdigrunnlaget, ansvar og roller i barnehagen, formål med og innhald i barnehagen, barn medverknad, samarbeid heim-barnehage, barnehagen som pedagogisk virksomheit, arbeidsmåter og sju fagområder som barnehagen jobbar opp mot.

9 BARNEHAGENS INNHOLD

9.1 Barnehagens verdigrunnlag

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, leikeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.»

(Barnehageloven § 1 Formål, 1. ledd)

9.2 Leik og læring

Leiken skal ha ein sentral plass i barnas kvardag. Den har ein eigenverdi og er ein viktig del av barnehagekulturen.

Leik er ein grunnleggjande livs- og læringsform som barna naturleg uttrykkjer seg gjennom. Å delta i leik, skape gode relasjonar og få venner er grunnleggjande for barnets trivsel og læring i barnehagen. I samhandling med andre legg ein grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse og livslang læring. Barnas egne interesser bør danne grunnlaget for tema og læring i barnehagen. Dei vaksne skal være tilgjengelege for barna i å støtte, inspirere og oppmuntre barna i deira leik. Me deler barna inn i mindre leikegrupper slik at det blir lettare for dei å delta i leiken. Det er viktig å bli sett, høyrte og forstått.

9.3 omsorg og danning

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Dei tilsette har plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barn. Med det meinast at det stillast krav til dei tilsette om å vera oppmerksame og vera open overfor kvart einskild barn i alle situasjonar. Ein omsorgsfull relasjon er prega av at ein er lydhør, har evne til å vera nær, ha innleving og empati og syne evne og vilje til samspel. Omsorg skal prege heile kvardagen. Omsorg og danning er to sider av sama sak. Desse skal prege kvardagen til barnet for at det skal få ei god allmenn helse som er viktig for barnets utvikling og læring.

9.4 Sosial Kompetanse

Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Sosial kompetanse er kunsten å omgå kvarandre på ein positiv måte. Sosial kompetanse består av eit sett ferdigheiter som naturleg inngår i ein heilskap i barns samspel, for eksempel sjølvkjensle, empati, prososial åtferd, hevde seg sjølv og sjølvkontroll.

Oppleving av eigenverd og å få til noko, leik med barn på eigen alder og oppleve at ein høyrer til i eit positivt fellesskap. Personalet skal vera rollemodellar og rettleie barna i samhandling med andre.

9.5 Barns medverknad

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.»
(Barnehageloven §3)

Det er viktig at me støtter barns nysgjerrigheit, vitebegjær og kreativitet. Kva barn kan medverke til, er avhengig av erfaring og alder. Små barn vil meddele sine synspunkt med kroppshaldning, mimikk og andre følelses uttrykk. Større barn tek i tillegg i bruk ord og uttrykk. Det skal vera ei balanse mellom enkeltindividets behov opp mot fellesskapets behov.

9.6 Berekraftig utvikling

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Det omfattar både natur, økonomi og sosiale forhold. Vi skal ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det i dag og bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Barnehagen skal legge til rette for kritisk tenking, handle etisk og tenkje solidaritet.

9.7 Likestilling og likeverd

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og forebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut forskjellar. Barnehagen skal bidra til at barn opplever meistring og livsglede og utviklar ei kjensle av eigenverdi. I barnehagen skal barna føle seg trygge på å prøve ut samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å mestre motgang, handtere utfordringar og bli kjent med både andre og egne kjensler.

9.8 Krenkande åtfærd

Barnehagen skal ha kunnskap om merksemd mot krenkande- og mobbeåtfærd. Slike hendingar skjer i barnehagealder og det er viktig at dei vaksne observerer og gjer tiltak når ein ser at slik åtfærd kan utvikle seg. Alle har rett på eit miljø fritt for krenkelsar og det er dei vaksne si oppgåve og plikt å sjå til at alle ungar opplever eit godt og trygt miljø, fritt for mobbing og krenkelsar

Barnehagen skal ha nulltoleranse og arbeide forbyggjande og har plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

10 OPPSTART - OVERGANGAR

10.1 Oppstart – Tilvenning

Barnehagen skal i samarbeid med føresette legge til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Normalt seier me tilvenninga går over min. 3 dagar, der føresette delvis er med. Alle nye barn får ein kontaktperson, som skal vera litt meir i nærleiken den fyrste tida. Aktivitetane kan bli endra noko for ei periode slik at nye barn skal bli trygge.

10.2 Overgang avdelingar

Ettersom me praktiserer aldersdelte avdelingar vil det gjennom barnehagetida bli bytte av avdeling på barna. Det varierer noko kva alder og når på året dette bytte skjer. Alt avhenger av gruppestørrelse, personale og ev. inntak av nye barn.

For å gjere overgangen trygg og god, er det viktig at barna og føresette kjenner ALLE vaksne i barnehagen. Derfor prøver me få til ein del samarbeid på tvers av avdelingane og me har moglegheit til besøke kvarandre og vera ilag ute og inne.

10.3 Overgang barnehage - skule

Øystre Slidre kommune har ein eigen plan for overgang mellom barnehage og skule. Den legg vekt på tett samarbeid mellom heimen, skulen og barnehagen. Det er samtale med føresette på våren, der fokuset er overgang til skulen og pedagog og heim blir einige om kva informasjon som skal vidareførast. Deretter har pedagogen ei overgang samtale med skulen.

Me prøvar også få til 2 halve og ein heil besøksdag, men er det grunnar til å bli ekstra kjend på skulen, prøver me få til fleir.

11 DAGLEGE GJEREMÅL / KVARDAGSAKTIVITETAR

Dette er aktiviteter som gjentek seg kvar dag. Desse aktivitetane er med på å gi struktur og stabilitet gjennom dagen. Sidan desse aktivitetane gjev ei ramme, er det viktig at personalet har eit bevisst forhold til kva ein som vaksen formidlar i møte med barna. Det er i desse situasjonane pedagogikken og praksisen kjem til syne.

Barnehagen skal støtte barna ut frå deira eigen kulturelle og individuelle bakgrunn.

11.1 Levere og hente

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Foreldre og barn skal kjenne seg velkomne i barnehagen 	Vaksne skal vera imøtekomande og høflege overfor barn og foreldre og elles alle andre som er i barnehagen.	Barnehagen skal: • møte og vise at du er sett og velkommen • seie «hei» og «ha det» • gje beskjed om det har skjedd noko spesielt Foreldre skal • seie «hei» og «hadet» • ta kontakt med personalet viss dei ynskjer meir info

11.2 Garderobe

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Barna skal lære å verte sjølvstendige til å kle på seg sjølv etter vær og temperatur Ha ryddige garderober. Foreldre har ansvaret for at barna har med seg kler etter årstid, vær og føreforhold.	Vaksne skal legge til rette for at barn kan øve på: • å kle på seg i rett rekkefølge • kva klede som passar til årstid og temperatur • å halde orden på plassen sin og rydde etter seg 	Vaksne skal: • rettleie barna i høve til å kle på seg og gi dei tid og rom for påkledning • rettleie barna til å velje rette klede og sko • oppmuntre barna til å rydde på plassen sin Foreldre skal: • sende med nok kler og sko etter vær og temperatur • ta med heim skitne kler til vask – også regnkler • rydde plassen ved henting • sjekke og rydde ut av varme/tørkerom • namne kler, sko og utstyr

11.3 Måltid

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Måltidet skal vera ein hyggeleg stund for alle saman Barna skal lære ”bordskikk” Barna skal lære å smørja sin eigen mat Barna skal lære om eit sunt og variert kosthald	Vaksne skal legge tilrette for at barn kan: • hjelpe kvarandre • vente på tur • takke for maten • sitja på plassen sin ved bordet og snakke med kvarandre • øve seg på å smørje med kniv sjølv • lære å vurdere kor mykje mat ein klarar å ete. Forsyne seg lite, men heller fleire gonger • øve seg på å eta ”fint” • utforske og erfare ulike smakar • få innsikt i kva som er er sunn og variert mat	Vaksne skal: • rettleie og hjelpe barna under måltidet • oppmuntre og gje tid til at dei prøvar sjølv • vere bevisste på sunn mat og formidle dette til barna • oppmuntre barna til å smake på forskjellig pålegg.

11.4 Fri leik

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Utvikle sosial kompetanse gjennom leik Alle skal ha nokon å leike med, om dei ønskjer Alle vaksne skal ha respekt for leikens eigenart	Vaksne skal legge til rette for at barn kan: • bestemme kva dei har lyst til å leike • setje i gang leik og halde på den • samarbeide i leik • gi og ta • inkludere andre • utvikle og oppretthalde vennskap • ulike type leik • å løyse konflikhtar	Vaksne skal: • ha oversikt over barna • vere der <i>for</i> barna • rettleie, hjelpe og drive leiken framover ved behov • sette i gang leik ved behov • vere tilgjengeleg og deltakande

11.5 Hygiene / stell

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Barna skal lære om generell hygiene Bleiebarn skal oppleve stelletuasjonen som noko fint og bli sjekka regelmessig.	Vaksne skal legge til rette for at barn kan: • vaske hendene sjølv når ein har vore på do og før alle måltider • gå på do med/ utan hjelp av dei vaksne når dei er modne for det • bruke papir til å snyte seg	Vaksne skal: • lage gode rutiner i forhold til handvask og hygiene • samarbeide med foreldre om bleieavvenning • skape ein god situasjon ved bleieskift og dogåing • vise romslegheit ved uhell

11.6 Søvnn / kvile

Mål	Delmål	Metode / tiltak
At barna skal ha moglegheit for ei roleg stund i løpet av dagen der dei kan få sove, kvile eller ha ein roleg aktivitet	Vaksne skal legge til rette for at barna kan: • erfare at kroppen treng kvile • ha ei dagsrytme som gjer rom for kvile og roleg aktivitet	Vaksne skal: • samarbeide med foreldre om søvnbehovet til barnet • ha ei dagsrytme som gjev tid og rom for veksling av ulik aktivitet

11.7 Samlingsstund

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Barna skal få oppleve fellesskap i gruppa og alle skal bli sett og høyrte. Barna skal få kjennskap til ulike tema	Vaksne skal legge til rette for at barna: • får øve på å ta ordet i samling • kan vente på tur/lytte til andre • blir sett og høyrte; barns medbestemming • får kjennskap til ulike eventyr, songar, rim/regler og bøker • får kjenne på spenning/stemning, få inspirasjon og bli nysgjerrige på ulike tema.	Vaksne skal: • gripe fatt i barnas interesserte • filosofere over ulike tema • dele i mindre grupper ved behov • vere engasjert og forberedt • introdusere nye tema songar mm • legge til rette for leik humor og spenning • gi språkstimulering

11.8 Rydding ute og inne

Mål	Delmål	Metode / tiltak
Me skal ha ein ryddig og oversiktleg barnehage	Vaksne skal legge til rette for at barn kan: • rydde etter seg, både private saker og det som tilhører barnehagen • samarbeide; hjelper me kvarandre går det mykje fortare • sortere leiker og lære kva plass dei ulike leikene har	Vaksne skal: • rettleie barna • bevisst gi språkstimulering og matematikkunnskap • oppmuntre barna til å hjelpe kvarandre • vere gode rollemodellar for ungane
Dei vaksne skal stimulere matematikk- og språkkunnskap		



12 FAGOMRÅDA TIL BARNEHAGEN

Kvart fagområde dekker eit vidt læringsfelt. Fagområda vil sjeldan opptre isolert og for barna i barnehagen finnes ikkje spesifikke fagområde – det finns berre liv. Fleire områder vil ofte vera representert samtidig i eit temaopplegg og i forbindelse med kvardagsaktivitetane. Arbeid med fagområda må tilpassast barnas alder, barnegruppa si samansetning og andre føresetnader, og i den forbindelse har vi og ein progresjonsplan.

Arbeidet med ulike fagområde kan ikkje alltid planleggast på førehand, det kan oppstå utifrå situasjonar her og no og med barns medverking.

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen.»

(Rammeplan for barnehagen, kap. 9, første avsnitt.)

12.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeid med fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståelse, språkkompetanse og et mangfold av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekter gjennom rim, regler, sanger, litteratur og tekster fra samtid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barn leker med språk, symboler og tekst og stimulere til språklig nysgjerrighet, bevissthet og utvikling.

I barnehagen skal barna få mulighet til å erfare ulike formidlingsmåter av tekster og fortellinger, som kilde til estetiske opplevelser, kunnskap, refleksjon og møter med språk og kultur. Personalet skal invitere til utforsking av både muntlige språk og skriftspråk.

12.2 Kropp, rørsle, mat og helse

Vaner og handlingsmønstre tar form allerede fra tidlig alder. Gode vaner som tilegnes i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve bevegelsesglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderes i aktiviteter der de kan få være i bevegelse, lek og sosial samhandling og oppleve motivasjon og mestring ut fra egne forutsetninger. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjent med kroppen sin og utvikler bevissthet om egne og andres grenser.

Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få mulighet til å sanse, oppleve, leke, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medvirkning i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiveres til å spise sunn mat og få grunnleggende forståelse for hvordan sunn mat kan bidra til god helse.

Barnehagen har ein liten kjøkkenhage, der plantast det litt grønsaker og me har to epletrær, jordbærplanter, solbær- og ripsbusker.

12.3 Kunst, kultur og kreativitet

Opplevelser med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhørighet, deltakelse og eget skapende arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringer med kunst og kultur i ulike former og organisert på måter som gir barna anledning til utforsking, fordypning og progresjon. Barna skal støttes i å være aktive og skape egne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal legge til rette for samhörighet og kreativitet ved å bidra til at barna får være sammen om å oppleve og skape kunstneriske og kulturelle uttrykk.

Fagområdet omhandler uttrykksformer som billedkunst og kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstneriske og kulturelle uttrykk som gjenspeiler et mangfoldig samfunn og ulike tidsepoker. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere barnas nysgjerrighet, utvide deres forståelse og bidra til undring, undersøkelser, utprøvinger og eksperimentering. Barnehagen må legge til rette for og videreutvikle barnas kreative prosesser og uttrykk.

12.4 Natur, miljø og teknologi

Opplevelser og erfaringer i naturen kan fremme forståelse for naturens egenart og barnas vilje til å verne om naturressursene, bevare biologisk mangfold og bidra til bærekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringer med naturen som fremmer evnen til å orientere seg og oppholde seg i naturen til ulike årstider.

12.5 Mengd, rom og form

Fagområdet handler om å oppdage, utforske og skape strukturer og hjelper barna til å forstå sammenhenger i naturen, samfunnet og universet. Barnehagen skal synliggjøre sammenhenger og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagligliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved selv å være kreative og skapende. Arbeid med fagområdet skal stimulere barnas undring, nysgjerrighet og motivasjon for problemløsning.

Fagområdet omfatter lekende og undersøkende arbeid med sammenligning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tall, telling og måling. Det handler også om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søke løsninger.

12.6 Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måter å oppfatte verden og mennesker på og preger verdier, normer og holdninger. Fagområdet retter særlig oppmerksomhet mot barnehagens samfunnsmandat og verdigrunnlag i et samfunn preget av livssynsmangfold.

Barnehagen skal la barna få kjennskap til fortellinger, tradisjoner, verdier og høytider i ulike religioner og livssyn og erfaringer med at kulturelle uttrykk har egenverdi. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfold og forståelse for andre menneskers livsverden og levestett. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål skal barn få anledning til selv å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. Slik skal barnehagen bidra til å legge grunnlag for kritisk tenkning og dømmekraft.

12.7 Nærmiljø og samfunn

Barnas medvirkning i barnehagens hverdagsliv legger grunnlaget for videre innsikt i og erfaring med deltakelse i et demokratisk samfunn. Gjennom utforskning, opplevelser og erfaringer skal barnehagen bidra til å gjøre barna kjent med eget nærmiljø, samfunnet og verden.

Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjoner, samfunnsinstitusjoner og yrker slik at barna kan oppleve tilhørighet til nærmiljøet. Kulturelt mangfold, ulike levevis og ulike familieformer er en del av fagområdet. Gjennom lek og varierte aktiviteter skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få begynnende kjennskap til menneskerettighetene.

Fagområdet skal omfatte kjennskap til samisk språk, kultur og tradisjon og kjennskap til nasjonale minoriteter. Grupper med langvarig tilknytning til landet defineres som nasjonale minoriteter. I Norge er dette kvener/norskfinner, jøder, skogfinner, rom og romanifolk/tatere.

13 PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING

Arbeidet i barnehagen skal planleggast, dokumenterast og vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova, rammeplan og årsplan. Vi skal tenke langsiktig og systematisk for å sikre kvalitet og progresjon.

Erfaringane og synspunkta til barna skal og inn i prosessen. Informasjon og dokumentasjon skal gi grunnlag for refleksjon og diskusjonar; på planleggingsdagar, foreldremøte, personalmøter, gruppe-/avdelingsmøter og møter for pedagogiske leiarar. Vi gjer også løpande vurdering gjennom dagen. Annakvart år har vi ein brukarundersøking på nett for foreldra. Sist gjennomført nov/des – 2022.

13 TRAFIKKSIKKER BARNEHAGE

2023 vart det endra trafikk/parkeringsmønster oppe ved barnehagen. Det vart også gangveg som gjorde til at mjuke trafikkantar kan ferdast tryggare etter vegen.

Barnehagen skal ha eit kvalitetssikra trafikksikkerheitsarbeid som i varetek dei krav som lover og forskrifter stiller. Grunnlaget for haldningar til sikkerheit leggst i barneåra. Vaksne som rollemodellar skal medverke til at barn utviklar evne til refleksjon, risikoforståing, til å ta dei andre sitt perspektiv og å samarbeide. Barnehagen har ansvaret for barnas sikkerheit og ein skal nytta trafikkopplæring til fagområda i rammeplan for barnehagen og synleggjera det gjennom planer. Barnehagen har ulike rutinar rundt arbeidet med trafikksikkerheit som til dømes på turar, transport og foreldresamarbeid.

